

ÅRSMELDING – KEIPEN TURLAG BREMANGER KOMMUNE 2007.

Styret i turlaget har i 2007 vore samansett slik: Leiar Ottar Dahl ,nestleiar Gisle Skjølberg, sekretær Sissel Sandvik Igland ,kasserer Bjørg D.Lofnes,styremedlem Leo Cirotzki, styremedlem Rogire van Oorschot, styremedlem Olga Årsnes, vara til styret Dagrunn Briksdal

Keipen turlag har pr. Dato 75 medlemer .

TURAR , DUGNAD M.M. SISTE ÅRET:

Det var planlagt 16 søndagsturar og 29 onsdagsturar.

Vi har ,som dei fleste andre hatt ein god del därleg ver denne tursesonge. Ein følge av det er mange avlyste turar og lite frammøte på andre turar. Nytt av i år for oss var turar med gudsteneste, ein søndag på Hornelen og ein søndag på Vetvika (med storhavet rett på). Vetvika syntte seg frå si beste side med varme og strålande sol. Folk kom med båt frå Bremanger og Kalvåg og fekk ein frisk tur rundt Olderveggen. Andre kom over fjellet frå Svarstad, blandt dei prost Scanke Eikum. Over 100 personar møtte fram og fekk høyre prosten preike over temaet SKAPARVERKETS DAG.

Turen til Hornelen vart og ei stor oppleveling for dei 70 personane som møtte opp i det litt tvilsomme veret med yr og lett skodde frå starten av.Fjellfreliste prost Scanke Eikum heldt preike, koret Hornelen sang og salmesongen klang friskt mens skoda dreiv forbi – ei spesiell stemning, nesten trolsk – iflølge nokon som var med.

Fyrste mai hadde vi skitur til Keipen – full klaff med veret – 9 deltakarar på denne turen. En annan fin tur som vi vil nemne var turen til dammen på Bjørndalsvatnet. Vi gjekk opp lia frå Yksnelvaen gjennom ein fantastisk turområde til Bjørndalsvatnet. Fjellet Gjegnen kneiser rett over oss og står som ei klippe ned i Bjørndalsvatnet. Vi planlegg ein ny tur til dette området til neste år. Det er no bilveg frå Åskora til Yksnelvane, denne vegen lettar tilkomsten til eit for mange nytt turområde. Frammøte til onsdagsturane har svika eindel, men iflg. Fjelltrimmbøkene er det mange som går i fjellet – til denne til i år har vi hatt over 9000 besøk som har skrive seg inn i bøkene

Elles er det utført ca. 220 dugnadstimar. Det er reparasjon og vedlikehald på Knekkevannshytta , rydding av stien Amsterdam-Toppen og Ulvestegane – Toppen. Rydding Sørdalstrappa-Knekkevatn (den galme traseen) og rydding av stien til Ivervatn. Mange merkeskilt har blitt oljå og mala på nytt og Sørdalstrappa har fått nye «starttrinn». Arbeid på nyestien over Rugsundøy. Denne stien er no rydda og klar til merking. Rydding og oppatt merking Hornelen (både frå Hunskår og Berleneset. Merking og rydding til Troda.

Turorienteringpostar har vi og hatt i Svelgen-området – sjå eiga Årsmelding.

Barnas turlag – sjå eiga årsmelding.

Representasjon: Oddmund Leirvik var utsending til årsmøte på Skei. Ottar Dahl og Olga Årsnes var utsendingar til Fellesmøte i Finden

Ottar Dahl
leiari

Keipen turlag